Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

03. 03. 2017
17/801

# Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Søknaden skal sendast kommunen der prosjektet/tiltaket skal utførast. Kommunen kan sette søknadsfrist.

Tøm skjema

## 1. Grunnopplysningar

| Organisasjonsnr. (9 siffer) | Namn på føretaket | Kontonr. (11 siffer) |
|---|---|---|
| | | |

| Etternamn | For- og mellomnamn |
|---|---|
| Fiskeseth | Bernt Ole |

| Adresse | Postnr. | Poststad |
|---|---|---|
| Fiskeset 34 | 5912 | Seim |

| Telefonnr./mobiltelefonnr. | E-postadresse |
|---|---|
| 40453241 | bernole@online.no |

**Driftssenteret til føretaket**

| Kommunenr. | Gårdsnr. | Bruksnr. | Festenr. |
|---|---|---|---|
| 1263 | 161 | 1 | |

Registrert for meirverdiavgift ☒ Ja ☐ Nei

## 2. Opplysningar om prosjektet/tiltaket (Du må fylle ut eitt skjema pr. prosjekt/tiltak)

Søknaden gjeld tilskot til

☒ Kulturlandskapstiltak ☐ Forureiningstiltak ☐ Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Søknadstype

☒ Hovudsøknad ☐ Tilleggssøknad

Tiltakstype

☒ Enkelttiltak ☐ Fellestiltak Tal på deltakarar

Kort om føremålet med prosjektet/tiltaket
Inngjerding av gammalt kulturbeit.

Utfyllande utgreiing av prosjektet/tiltaket
Tiltaket går ut på og setje opp 1000 meter gjerde og med det vil eg har inngjerda ca 140 dekar.
På garden eg disponerer har eg ca 50 vinterfora sau.

Når er prosjektet/tiltaket planlagt ferdig?
2020

Bruksmåte, vedlikehald og oppfølging etter at prosjektet/tiltaket er avslutta
Beiting med sau.

## 3. Opplysningar om status på området/objektet (legg og ved informasjon om funn, dato og kjelde for funn)

Området sin planstatus i kommuneplanen sin arealdel og ev. reguleringsplan
LNF

Dersom nokre av punkta under er aktuelle tilknytt prosjektet/tiltaket, set kryss

☐ Området/delar av området er satt av til hensynssone etter plan- og bygningslova. I tilfelle, til kva føremål?

☐ Området/delar av området er ein utvald naturtype, inneheld prioritert art med ev. økologisk funsjonsområde, og/eller er verna etter naturmangfaldlova?

☐ Området/objektet er freda eller føreslått freda etter kulturminnelova?

☐ Området/objektet ligg innanfor eller er føreslått å liggje innanfor sikringssona for automatisk freda kulturminne?

☐ Området er prioritert for vannmiljøtiltak?

Anna relevant informasjon om området/objektet (sjå rettleiinga)

## 4. Kostnadsoverslag

Kostnadsoverslaget inkluderer eigeninnsats, men det skal ikkje førast mva på eige arbeid.
mva skal ikkje takast med dersom utøvar er registrert for mva. Om du har behov for meir plass, bruk eige vedlegg.

| Materialar | Kostnad | Av dette mva | Totalt |
|---|---|---|---|
| Sauenetting 1000meter | 22.000 | | |
| Imp. staur ca 800 stk. av dette 50 jernstaur. | 24.000 | | |
| Kramper, streng og diverse | 3000 | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Arbeid (før opp talet på timar med timesats for eige arbeid)** | **Kostnad** | **Av dette mva** | **Totalt** |
| Eige arbeid ca 150 timer a. kr 300 | 45.000 | | |
| Rydding av lauvskog og einer ca 4 dekar a kr 2500 | 10.000 | | |
| Reparere rast steingard | 10.000 | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Sum** | 114.000 | | |

## 5. Finansieringsplan

| | |
|---|---|
| Tilskot, søknadsbeløp | 49.000 |
| Eigen finansiering | |
| Anna finansiering, spesifiser | |
| | |
| Eige arbeid | 65.000 |
| **Sum** | |

## 6. Vedlegg til søknaden (Kryss av for vedlegg)

☐ Plan med beskrivning og kartfesting av miljøtiltaket

☐ Gjødslingsplan
☐ Sprøytejournal
☒ Kart over jordbruksareal (all eigd og leigd jordbruksareal som føretaket til eikvar tid disponerer)

☒ Bilder

☐

☐

## 7. Søkjaren sine merknadar og underskrift

**Eg er ansvarleg for og godtar å:**

- gjere meg kjent med forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, og andre aktuelle lovar og reglar knytt til prosjektet/tiltaket,
- gje fullstendige og korrekte opplysningar i søknaden, inkl. aktuelle vedlegg,
- gje nødvendige opplysningar til kommunen som grunnlag for handsaming av søknaden, utbetaling av tilskot eller i samband med kontrolltiltak,
- dokumentere alle kostnadar knytt til prosjektet/tiltaket som det er søkt om tilskot til,
- dokumentere kontakt med kulturminne-/miljøforvaltninga i dei tilfella det er aktuelt,
- gjennomføre prosjektet/tiltaket innan arbeidsfristen,
- skriftleg be kommunen om utbetaling av tilskot innan arbeidsfristen går ut,
- betale attende tilskotet, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadene for løyvinga.

Opplysningar i denne søknaden, inkludert vedlegg, er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan kome i straffeansvar om eg gir feil eller ufullstendige opplysningar.

Merknadar

| Stad og dato | Underskrift |
|---|---|
| Seim 02.03.2017 | Bernt Ole Fiskeseth |

versjon 1.3 - 04.01.2016

## 8. For kommunen (vurdering, vedtak og kontroll)

Prioritering av prosjekt/tiltak, og relevans, i høve til lokal tiltaksstrategi

Prosjektet gjeld (for rapportering i fagsystemet): Set eitt kryss

| | | |
|---|---|---|
| ☐ Biologisk mangfald | ☐ Miljøretta omlegging i kornområder | ☐ Landskapsplanting |
| ☐ Gamal kulturmark | ☐ Høytørkeanlegg | ☐ Vegetasjonssoner |
| ☐ Tilgjenge/opplevingskvalitet | ☐ Oppsamlingsanlegg for avløp frå veksthus | ☐ Fangdammar og våtmarker |
| ☐ Verneverdige bygg | ☐ Hydrotekniske anlegg | ☐ Andre foreureiningstiltak |
| ☐ Andre kulturminne/-miljø | ☐ Klimaplanting/leplanting | ☐ Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt |

### Vurdering

| | | |
|---|---|---|
| Søknaden<br>☐ Løyvd som omsøkt | ☐ Løyvd med endring | Merknadar |
| ☐ Avslege | ☐ Avvist | |
| Godkjent kostnadsoverslag | kr | |
| Godkjent tilskotsgrunnlag | kr | |
| Tilskotssats | % | |
| Løyvd eingongstilskot | kr | |
| Arbeidsfrist blir sett til | | |
| Stad og dato | | Underskrift |

Eventuelt forlenga arbeidsfrist er sett til: ☐

Eventuelle merknadar

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Underskrift |

### Kontroll

| | |
|---|---|
| Kva blei kontrollert | Dato for kontroll |

Resultat av kontrollen

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Underskrift |

### Ferdiggodkjenning

Dato for skriftleg oppmodning frå søkjaren om utbetaling

| | |
|---|---|
| Dato for ferdiggodkjenning av arbeidet | Dato for godkjenning av sluttrekneskapet |

Tilskot på kr tilvist for utbetaling frå fylkesmannen.

Eventuelle merknadar

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Stempel og underskrift |

## 9. Rettleiing for utfylling av skjema

For meir informasjon, sjå Landbruksdirektoratet sine nettsider www.landbruksdirektoratet.no

**Felt 2**
Kryss av for kva type tiltak du skal søkje om midlar til:
Kulturlandskapstiltak er tiltak som tek vare på natur-og kulturminneverdiar i kulturlandskapet.
Forureiningstiltak er tiltak som bidreg til å redusere forureininga eller risiko for forureining i frå jordbruket.
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt skal legge forholda til rette for større heilskaplege prosjekt over større område. Normalt gir ein ikkje tilskot til prosjekt/tiltak som allereie er begynt eller utført.
For tilleggssøknad må det gå tydeleg fram kva tillegget gjeld, og kvifor kostnadane har blitt større.

Utfyllande utgreiing av prosjektet/tiltaket skal innehalde omfang, tilstand (til dømes med omsyn til biologisk mangfald, bygningar eller andre kulturminne), framdriftsplan, arbeidsskildringare, teikningar, skisser, og liknande. Om du treng meir plass, bruk eige vedlegg.

Frist for å gjennomføre prosjektet/tiltaket er 3 år frå tilskotet blir løyvd, med mindre kommunen set kortare frist. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

**Felt 3**
Kommunen kan gi opplysningar om området sin planstatus i kommuneplanen sin arealdel, samt ev. reguleringsplan og hensynssone. Informasjonen er òg tilgjengeleg i kommunen sin kartteneste på internett. Informasjon om utvalde naturtypar, prioriterte artar og verneområde etter naturmangfaldlova, samt kartlagde naturtypar, finn du i Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase.
Informasjon om freding etter kulturminnelova og kulturminne finn du i Riksantikvaren si kartteneste kulturminnesøk. Eksempel på relevant informasjon er om området/objektet:

- er prioritert i nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, som du kan finne i kartlaget "helhetlige kulturlandskap" i Miljødirektoratet si karttjeneste Naturbase,
- er kartlagt etter Miljødirektoratet si handbok 13 (naturtypar), etter Natur i Norge (NiN), eller ev. andre kartleggingar,
- er prioritert i eventuell kommunal eller regional kulturminneplan,
- ligg knytt til nasjonal turistveg,
- har særleg interesse for ålmenta,
- har avrenning til sårbare vassområde fastsett i regionalt miljøprogram,
- har særskilte behov med omsyn til ressursbevaring (til dømes område utsett for erosjon)
- ligg innanfor område der ein driv reindrift, sjå kart/reindrift.no

**Felt 4**
Det kan løyvast eingongstilskot med inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag for planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, og for særskilde tiltak for å ta vare på biologisk mangfald. Normalt bør det òg i slike prosjekt/tiltak føresetjast medverknad frå andre kjelder (eigeninnsats eller delfinansiering frå andre interessentar eller samarbeidspartnarar).
For andre kulturlandskaps- og forureiningstiltak kan ein gi eingongstilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.
Kommunen står fritt til å setje lågare tilskotsprosent for dei ulike prosjekta/tiltaka. Ein kan normalt ikkje gi tilskot til maskinar eller anna laust teknisk utstyr.

Kostnadar med planlegging, organisering og gjennomføring av prosjektet/tiltaket kan inngå i tilskotsgrunnlaget. Dette gjeld blant anna materialkostnadar, arbeidskostnadar og kostnadar med utarbeiding av nødvendige planar.

**Felt 6**
Første vedlegg er obligatorisk. Dei tre andre er anbefalt. I tillegg til vedlegg som står oppført i felt 6, kan følgjande vedlegg vere aktuelle:

- oversiktskart, som syner plassering i kommunen,
- detaljkart (til dømes økonomisk kartverk), som syner areal, viktige element i landskapet og plassering av det aktuelle tiltaket,
- oversiktskart som viser reindrift sitt arealbruk i området,
- fotografi/teikningar, som syner areal, bygningar, bygningsmiljø og/eller objekt som søknaden gjeld,
- dokumentasjon av vernestatus etter naturmangfaldlova og fredningsstatus etter kulturminnelova,
- dokumentasjon av kartlagd biologisk mangfald (utvalde naturtypar, naturtypar, arter av nasjonal forv. interesse eller ev. andre kartleggingar)
- for bygningar: kostnadsoverslag frå bygningskunnig, omtale av bygning og bygningsskade, noverande og framtidig bruk, òg eventuell omtale av verneverdi,
- skriftleg godkjenning/avtale frå grunneigar (dersom ikkje søkjar sjølv eig landbrukseigedomen),
- skriftleig godkjenning frå aktuelle grunneigarar i eit prosjekt,
- avtale om gjennomføring av fellestiltak,
- skriftleg godkjenning fra berørde naboar før tiltaket blir sett i gong.

Søknad om tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt skal underteiknast av den som skal ta i mot tilskotet på vegne av deltakarane i prosjektet.

Søknad om tilskot til miljøtiltak på landbrukseigedom skal underteiknast av eigaren eller andre som har heimel til å gjennomføre tiltaket (med skriftleg samtykke frå grunneigar). For fellestiltak skal berre ein av deltakarene stå som søkjar og underteikne søknaden for alle deltakarane (med skriftleg samtykke frå dei andre deltakarane).